

Statens Vegvesen

Plan og forvaltning – Bergen

v/Odd Høydalsvik

Deres ref. 2014/020334-002

Sigurd Morken

(øvrige beboere)

Sagstadvegen 133

5918 Frekhaug

Sagstad 27.mai 2014

**Ref. svar på søknad om flytting og utvida bruk av avkøyrsl Gnr.18 bnr. 12 i Meland kommune.**

Me viser til svar fra Dykk datert 25. mars 2014 om ovannevnte sak. Me vil gjerne argumentera vidare for framtidig tilknytning til avkøyrsl 2.

For oss er sikkerheten til barna våre viktigast. Det siste tiåret har det vore ei betydeleg auke av småbarnsfamiliar i området. Samtidig har også trafikken auka sterkt. Avkøyrsl 1 blir i dag også brukt som skuleveg for barn som høyrer til avkøyrsl 3. Så nær som alle utfartar enten det er til fots, på sykkel eller i bil går sørøver. Skular, idrett, jobb, buss, butikkar og Bergen ligg i denne retninga.

I praksis vil dette føra til at avkøyrsl 1 vil verta brukt av gåande og syklende barn sjølv om den vert stengt for bilkøyring, dersom alternativet er avkøyrsl 3.

Det er også brei enighet på begge sider av gjerdet at det ikkje er ynskjeleg med gjennomkøyring frå avkøyrsl 1/2 til 3 eller vise versa.

Me ynskjer å utbetra avkøyrsl 2. Sjå vedlagt skisse som viser ny utforming av tilkomst frå fylkesveg (skravert oransje). Alle sidevegane på denne sida har stigning frå fylkesvegen. Men me tenkjer å skyta oss inn i fjellveggen slik at me får avkøyrsl 90 grader frå fylkesveg, dei første 5 metrane rett fram i plan med fylkesvegen. Me vil også senka terrenget mot fylkesvegen på nordsida av avkøyrsla (skravert raudt på skissa), for å få naudsynt friskt også den veggen.

For 19/32 vil dette medføra ei vesentleg betring, særleg for større køyretøy, og vinterstid. Denne eigedomen har i dag ein svært bratt bakke opp til huset.

Me søkjer hermed på nytt om tillatelse til utbetring og bruk av avkøyrsl 2 for våre husstandar.